

## **TRYGGLEIKSALARM**

---

### **Heimelsgrunnlag**

Helse og omsorgslova § 3-2, pkt 6 –b), jfr. § 3-1 og Pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene i tillegg til reglar knytt til Forvaltningslova

### **Føremål med tenesta**

- Det er ei målsetjing i Ulvik herad si pleie og omsorgsteneste at flest mogleg skal kunne bu i eigen bustad så lenge dei meistrar det
- Å gi raskare hjelp i akutte omsorgssituasjonar

### **Kven kan få tenesta**

- Personar som av helsemessige årsaker har behov for tryggleiksalarm for framleis å kunne bu i eigen bustad:
- Personar som har lett for å ramle
- Kjenner seg svært utrygg i heimen grunna sjukdom og/eller funksjonshemming
- Er alvorleg sjuk
- Bur i ueigna bustad
- Brukar må sjølv ynskja tryggleiksalarm og forstå bruken av den

### **Innhaldet i tenesta**

- Alarmsentralen ligg i Bergen, men tenesta er knytt opp til Ulvik sjukeheim for å kunne tilkalla hjelp ved ein akutt situasjon.
- Akutt situasjon** : brukar opplever å vera i ein akutt omsorgssituasjon som kjennest utrygg/smertefull. Denne tilstanden kjem plutsleg eller i løpet av nokre timar. Brukar er avhengig av hjelp til å koma seg ut av denne situasjonen frå helsepersonell for å unngå/redusera smerter/utryggheit
- Tr.alarm skal kun nyttast når ein ikkje er i stand til å bruka vanleg telefon i akutte situasjonar

### **Kva du kan forventa av oss som tilsette**

- God fagleg kompetanse og forsvarleg hjelp
- Du vil få raskare hjelp i akutt omsorgssituasjon, men ein opererer ikkje med respons-tid

### **Kva forventar me av deg som brukar**

- du må ha installert fast telefon for at tryggleiksalarm kan monterast
- at du er motivert for dette tilbodet og alltid går med sendaren på deg
- at du forstår bruken/funksjonen av tryggleiksalarm
- at du leverer frå deg nøkkel til ytterdør til pleie og omsorgstenesta

## **Rutine dersom ein vel å avslutta tenesta med tryggleiksalarm:**

- Ein kan ikkje forlenga tenesta med tr.alarm dersom brukar konstant nyttar alarmer i situasjonar som ikkje oppfyller målsetjinga med tenesta
- Ein kan ikkje forlenga tenesta dersom brukar ikkje går med sendar på seg
- Slike vedtak gir rett til klage og vert ikkje effektuert før klagebehandling er avslutta
- Før nokon vert fråteken tr.alarm vil brukar få tilbod om anna tilbod frå heradet, t.d. anna butilbod (omsorgsbustad).

## **Praktiske opplysningar**

\*Ansvarleg for tenesta : Avd.spl. i Open Omsorg

- Det må føreliggja eigensøknad frå brukar. Den som søker om tr.alarm skal ha signert søknaden før sakshandsaming tek til.
- Søknad skal sendast til pleie og omsorgsavdelinga i Ulvik
- Vurderingsbesøk vert føreteke i etterkant og skriftleg vedtak vil føreliggja innan 3 veker etter vurderingsbesøk
- Repr. frå pleie og omsorg installerer og gir opplæring i bruk av tryggleiksalarmen
- Pris for leige av tr.alarm : Kontakt Ulvik sjukeheim / nettsider til Ulvik Herad  
Rekning vert sendt x 1 pr mnd

## **Klage**

- Ved evt. klage på vedtaket må klagen vera skriftleg og du må grunngi kvifor du klagar og oppgi kva du ynskjer annleis
- Klagefristen er 4 veker frå du mottok vedtaket
- Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak

Ansvarleg for tenesta: Avd.sjukepleiar i open omsorg

Tlf. Ulvik Sjukeheim:56-52-70-80

Adresse: Avd. pleie og omsorg, Ulvik herad, Prestegarden 14, 5730 Ulvik